

Sakshandsamar:

Astrid Lernes
E-post: Astrid.Lernes@sfj.no
Tlf.: 92022176

Vår ref.

Sak nr.: 15/8205-70
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

45023/18

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 04.10.2018

Notat

Til: Fylkesutvalet, møte 18. oktober 2018

Frå: Fylkesrådmannen

Vedtektsendring i Ferde AS

Styret i Ferde handsama i sak 29/2018 ei endring av §10 i vedtektene for selskapet. Der vart følgjande setning i § 10 vedteke teke vekk:

«Til generalforsamlinga har Riksrevisjonen og Statens vegvesen møte- og talerett, og skal innkallast til denne på same måte som aksjonæranne».

Bakgrunnen for forslaget om å endre §10 i vedtektene, er at i den nye Bompengavtalen med Samferdselsdepartementet er det ikkje lenger noko krav om at Riksrevisjonen og Statens vegvesen skal ha møte- og talerett på generalforsamlinga. Ferde AS ser ikkje at det er nokon grunn til å oppretthalde ordninga med møte- og talerett for Riksrevisjonen og Statens vegvesen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune eig selskapet i lag med Hordaland, Rogaland, Vest- og Aust-Agder fylkeskommunar. Fylkesutvalet har etter delegeringsreglementet 4.2 mynde til å gi høyringsfråsegn til vedtektsendringar i aksjeselskap. Fylkesrådmannen har ikkje merknader til endringa i § 10 i vedtektene for selskapet, og dette vert difor lagt fram under «Skriv og meldingar».

Fylkesrådmannen reknar saka for kurrant, og ber om FU sine ev. merknader.